



Røsmland og møteleiar Kristian Bringedal under møtet i Vertshuset onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vertshuset i Uskedalen opnar truleg att 5. juni. Eigaren dei siste to åra, uskedelingen Røsmland, fekk ein hjarteleg klapp av dei rundt 30 frammøtte då han opplyste dette onsdag kveld under "turistmøtet" på eigen grunn. Det har enno ikkje lukkast han å få ein drivar, men han er innstilt på å ta ansvaret sjølv.



Kommentarane om det "nye" Vertshuset var mange og positive. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det har vore ein stor utfordring å få tak i drivar. Eg har hatt fleire på oppløpssida, men ingen har gått i mål. Nokon må no få hjulene i gang og er innstilt på å gjera det sjølv – med støtte frå gode hjelparar, sa Røssland.

5. juni er datoen då formannskapet skal behandla søknaden om skjenkje- og serveringsbevilling frå Røssland.

- Eg kjem til å starta enkelt, med drikkevarer og ein beskjeden meny og sjå på belegget før eg satsar meir. Ikkje minst er interessert i at lokale bedrifter, lag og organisasjonar brukar oss, sa Røssland som er innstilt på nå halda ope kvar dag i sommarmånadene. Han retta ein stor takk til dei i lokalmiljøet som har stått på og hjelpe han med prosjektet.

- Eg har gjort alt med lokalet, sa Røssland på spørsmål om kva som er skjedd innvendig. Han fekk mykje ros for ei stilig løysing.

Det er også montert nytt el-anlegg og nytt røropplegg. Men det står att noko på kjøkenet. Baren er flytta ut i lokalet og det er satsa på eit pub-hjørne og ein kaffekrok ved peisen.

- Vi har satsa på ein oppdeling av lokalet. Dette skal ikkje berre vera ein restaurant der ein kan eta. Vi skal ha allsidig drift, sa Røssland.

Politikarane har allereie gjeve prinsippgodkjenning om byggjing av leilegheiter for utleige for å skapa eit tryggare driftsgrunnlag. Røssland håpar å koma i gang med denne delen av prosjektet til hausten.

Ved hjelp av eit lite lån av grunn frå båtlaget håpar han på å kunne opna ein minigolfbane og vil også jobba for ei sandvolleybane i området. Han vil ikkje minst marknadsføra eit mest mulig allsidig tilbod mot båtfolket. Etter kontakt med dei slår han fast at svært mange spør etter Vertshuset. Eit anna behov som må ordnast er trådlus internett-tilgong.

Røssland streka under kor viktig det er å få til ein meir effektiv presentasjon av dei tilbod som Uskedalen har og det var einigheit om at det snarast skal lagast ein enkel foldar med informasjon.

Av Ola Matti Mathisen



Vertshuset har fått ei stilrein innreing. (Foto: Ola Matti Mathisen)